



Saksmappenr: 2017/1423-24
Arkiv: S05
Sakshandsamar: Gro Åmlid

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
19/22	Formannskapet	23.02.2022
11/22	Kommunestyret	23.02.2022

Ny handsaming - Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Otravassdraget - Høyringsuttale frå Valle

Handsaming i Kommunestyretav sak 11/2022 den 23.02.2022:

Handsaming:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Handsaming i Formannskapetav sak 19/2022 den 23.02.2022:

Handsaming:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Valle kommune er einig i og sluttar seg til felles høyringsuttale som advokatfirmaet Lund & Co har utarbeidd på vegne av kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand.

Valle kommune syner vidare til sine spesielle krav. Dei kjem fram under vurderingar og konsekvensar i saksframlegget.

Kommunedirektøren tilrår:

Valle kommune er einig i og sluttar seg til felles høyringsuttale som advokatfirmaet Lund & Co har utarbeidd på vegne av kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand.



Valle kommune syner vidare til sine spesielle krav. Dei kjem fram under vurderingar og konsekvensar i saksframlegget.

Saksutgreiing:

Samandrag/ konklusjon

Vassdragsreguleringslova §8 opnar for at villkåra i ein konsesjon kan takast opp til revisjon etter 30 år. Er det fleire konsesjonar i same vassdrag til ulik tid, kan kortare revisjonstid fastsetjast. Alle kommunar i Otravassdraget fremja 20. mars 2018 eit samla krav med hjelp frå advokatfirmaet Lund & Co, til NVE om at det måtte opnast vilkårsrevisjon i heile Otravassdraget. 15. juli 2019 fatta NVE vedtak om å opne for vilkårsrevisjon i Otravassdraget av Otteraaen Brugseierforening sine reguleringskonsesjonar.

Vilkårsrevisjonen gjev moglegheiter til å pålegge regulanten nye vilkår i gjevne konsesjonar slik at ein kan nå miljømål som vert fastsett i vassdraget.

Kommunane sitt hovudmål i arbeidet med vilkårsrevisjonen er betring av miljøtilstanden i vassdraget. Så som tilrettelegging for friluftsliv, ferdsel, fiske, naturmangfald og tiltak mot attgroing.

Etter krav frå NVE har Otteraaen Brugseierforening arbeidd ut eit revisjonsdokument for reguleringskonsesjonane i Otravassdraget. Dette dokumentet har NVE sendt ut på høyring med frist for å gje uttale 1.mars 2022.

Valle kommune vil i tillegg til felles høyringsuttale peike på følgjande problemstillingar:

- Friluftsliv langsmed og i elva, krypsiv/ureining
- Miljøproblem for fiskebestanden
- Terskelbasseng, krypsivproblematikk
- Minstevassføringa vert tappa frå djupna i Bossvatn, badevatnproblematikk
- Badeplassar, vedlikehald
- Gassovermetning
- Bleka, tiltak for å oppattrette vandring heilt opp til Hallandsfossen
- Flomproblem ved Brokke skisenter

Bakgrunn for saka



I NVE sine føringar for vilkårsrevisjon etter vassdragsreguleringslova legg NVE føringar for at eit vassdrag skal sjåast i samanheng i heile si lengde. Derfor har alle kommunane, Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand 20 mars 2018 fremja krav om at NVE opnar vilkårsrevisjon i Otravassdraget. Vassdragsreguleringslova §8 heimlar retten til å krevje ny gjennomgang av vilkåra i ein reguleringskonsesjon etter 30 år. Denne retten er svært viktig fordi det er vanskeleg å ha ei klar oppfatning om dei miljømessige konsekvensane som ei vassdragsregulering gjev langt fram i tid.

Tidlegare var dei fleste vassdragsreguleringar avgrensa i tid. I dag er og vert alle reguleringskonsesjonar gjevne for «evig tid». Kommunane stilte nær 100 krav på vegne av allmenne interesser. Krava kommunane stilte framkom på ulike allmøter kring i grendene. Krava i folkemøta galdt attgroing, gassovemetting, terskelbasseng, fiske, fiskevandring (bleka), friluftsliv, ferdsle og bading.

NVE vedtok i brev av 5. juli 2019 at det skal opnast for vilkårsrevisjon i Otravassdraget. NVE legg i sitt vedtak vekt på at det skal prioriterast tiltak som betrar miljøet. NVE seier og at krav frå kommunane som prioriterer å betre miljøet og er til allmenta sitt beste, som kan ivaretaast innafor konsesjonsvilkåra. Økonomiske krav og krav som gjeld privatrettslege tilhøve vert normalt ikkje handsama i ein vilkårsrevisjon.

Otteraaen Brugseierforening er mottakar av kravet frå NVE om opning av vilkårsrevisjon i Otravassdraget. Interessentane som er samla i Otteraaen Brugseierforening er: Otra Kraft, Agder Energi Vannkraft A/S, Skagerak Kraft A/S og Hydro Vigelandssfoss. Eit vassdrag med fleire enn ein brukar av vatnet, må ha ei brukseigarforeining.

Advokatfirmaet Lund & Co hjelper kommunane i saka. Advokatfirmaet har vassdragsjuss som eitt av sine spesialområder og er samstundes sekretariat for Landssamanslutninga for vasskraftkommunar, der Valle kommune er medlem.

NVE har sendt revisjonsdokumentet ut på høyring 17. august 2021. Otra kommunane har fått utsett høyringsfristen til 1.mars 2022. Saksdokumentata har vore lagt ut på Valle kommune si heimeside. Etter høyringa vil NVE gjennomføre synfaring i vassdraget og kanskje også ha møte med den einkilde kommune. NVE vil deretter sende si innstilling i saka til Olje- og Energidepartementet.



Formelt grunnlag

Vassdragsreguleringslova §8

Vurderingar og konsekvensar

- I Valle kommune er bruken av elva berre vorte viktigare, både for fastbuande og for reiselivet. Dette gjeld både sjøve vasspegelen og området langsmed vassdraget som nyttast som turområde for rekreasjon, båtliv, bading og fisking. Mange gode fiskeplassar vert øydelagde av den stadige attgroinga som skjer både nedstrøms Brokke kraftverk og i terskelbassenga på strekningar med minstevassføring.
- Kommunedirektøren syner til kommunane sitt kravdokument til revisjonen. Valle kommune bør slutte seg til dei krava som framkjem i det dokumentet. Vilårsrevisjonen i Otravassdraget må gjennomførast for å take vare på miljøtilstanden i vassdraget med hensyn på vassføring, fisken sitt leveområde, attgroing, friluftsliv, landskap og naturmangfald på ein betre måte enn det dei vilkåra som gjeld i dag gjer.
- Valle kommune har fremja krav om at det må gjerast noko i høve tersklane og terskelbassenga på strekninga med minstevassføring. Kommunedirektøren vil samstundes seie seg sær s nøgd med den dialogen me har med Otteraaen Brugseierforening i høve terskelbassenga og det prosjektet me er saman om. Kommunedirektøren syner og her til fellesuttalen.
- Utbygginga av Brokke Nord i 2014 medførte at Bjørnaråa og fem andre bekkar vart overførte til Sarvsfossen og vidare til Botsvatn. Det naturlege tilsiget til Otra vart sterkt redusert. Dette førte til at vatnet i Otra vart kaldare, så mykje kaldare at det å bade vart mindre attraktivt.
- Trongen for å sleppe vatn for å oppfylle krav til minstevassføring i Otra forbi Valle vassmerke vart betydeleg auka. Vatnet slepp Otteraaen Brukseierforening gjennom eksisterande tappetunnel mellom Botsvatn og Bykil. Minstevassføringa vert tappa djupt nede i Botsvatn og er årsak til at vatnet i Otra har vorte kaldare og mindre eigna til bading (om sumaren) etter at Brokke Nord vart sett i drift. Valle kommune krev at vatnet for å oppfylle kravet til minstevassføring forbi Valle vassmerke vert tappa fra overflata i badesesongen. juni, juli og august.
- Badeplassar i Valle var eit tema i 1972 da overskjønet vart halde. Da vart Otteraaen brukseierforening pålagd å opparbeide badeplass i Sandhyl/Marhyl og å bidrage til badeplassar ved Bjørgå, ved Kåvå og i Fjellskarevja. Badeplassen i Fjellskarevja er i dag sterk ureina, seinast med slam frå utbygginga av Brokke Sør. Kommunedirektøren



meiner at Otteraaen Brugseierforening må påleggjast å yte årlege faste bidrag til badeplassane i Valle kommune med grunngjeving i at vatnet nedstrøms Brokke kraftstasjon er for kaldt til å bade i, og om sommaren.

- I Valle kommune er krypsiv/attgroing eit stort problem i vassdraget både nedstraums Brokke kraftverk og på strekningane med minstevassføring. Otteraaen Brugseierforening må få eit ansvar for å bidrage mykje meir i det praktiske arbeidet med å fjerne problemvekstar. Her syner kommunedirektøren i tillegg til fellesuttalen frå kommunane.
- Gassovermetning nedstrøms Brokke kraftverk er eit stort problem som fører med seg at fisk dauar. Årsaka er fallet på bekkeinntaka til tunnelen mellom Botsvatn og Brokke kraftstasjon. Bekkeinntaka var planlagt i forhold til kor Bykil dammen skulle byggjast. Det er no viktig at det kjem på plass avbøtande tiltak.
- Bleka (Byglandfjordbleka) som er ein relict laks som lever heile livssyklusen sin i ferskvann Fram til 1960 talet var bleka utbreidd i Otravassdraget frå Kilefjorden i sør til Hallandsfossen i nord. Bleka kollapsa etter den store Brokkereguleringa på 1960 talet. Kommunedirektøren meiner at Otteraaen Brukseierforening må sette i verk konkrete tiltak for å reetablere vandringsruta heilt opp til Hallandsfossen.
- Etter at Brokke Sør vart sett i drift og Bestelandsåni, Stendetjønnbekken og Fjellskaråni (Kvinnåne) vart overført til eksisterande bekkeinntak i Farå, har dette skapt eit auka flomproblem for Brokke Alpinsenter.

Då konsesjonen for Brokke Sør vart gjeven i 2003 vart det hevda frå NVE at overføringane til bekkeinntaket i Farå ikkje ville medføre auka flomfare. Det syner seg nå ikkje å stemme. I dag er det eit arbeid i gang med å kartleggje problemet med auka flomfare og å bestemme avbøtande tiltak.

Kommunedirektøren er nøgd med det initiativet Otteraaen Brugseierforening har tatt i høve problemet i samarbeid med Brokke alpinsenter og Valle kommune. Dette arbeidet må halde fram og føre til konkrete tiltak.

Valle, den 17.02.2022

Eivind Berg
kst. kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Vedlegg 1 - Høyring_Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Otravassdraget



- 2 Vedlegg 2 - Infoark_revisjon_konsesjonsvilkår
- 3 Vedlegg 3 - Høyringsbrev
- 4 Vedlegg 4 - Revisjon Otra-Hydrologiske spørsmål_28-10-2021
- 5 Vedlegg 5 - Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Otravassdraget - oppfølging av tiltak
- 6 Vedlegg 6 - Brev til OB vedr. oppfølging av tiltak
- 7 Vedlegg 7 - 2020-10-05 Referat fra befaring i Øvre Otra_05-10-2020_lundogco
- 8 Vedlegg 8 - Prosjektbeskrivelse terskler i Otra i Valle
- 9 Vedlegg 9 - Høringsinnspill vertskommunene felles Lund&Co_ 24-01.2022

Andre dokument i saka: